

## Landsskyttarstemnet startar til helga

● **Thomas Thaulé**  
thomas.thaule@fjordingen.no

Fredag startar årets landsskyttarstemne. I år er det Øverbygd i Indre Troms som arrangerer stemnet, og det er sjette gong dei står som arrangør. Skyttarlaga i Indre Nordfjord stiller som tidle-

gare år, men på grunn av lange avstandar blir det færre enn tidlegare.

### Jonas Rogne ikkje med

Ungguten Jonas Rogne frå Stryn som gjorde det særst godt under fjorårets landsskyttarstemne blir ikkje med i år. Dette grunna kort

ferie og lang veg til stemnet.

- Svein Hoem blir Stryn sin einaste representant i år, seier leiar i skyttarlaget, Annette Rogne.

Hornindal og Markane skyttarlag stiller med elleve deltakarar, Nordbygda og Rand ti, Olden skyttarlag ein, og Utvik og Innvik skyttarlag stiller med ein deltakar.



**Påmeldt til landsskyttarstemnet:** Kåre R. Haugen frå Hornindal og Markane skyttarlag. FOTO: ARKIV

# Alt nytt på skytebana

Skytebana på Sindre får no eit omfattande løft, og ny standplass skal vere ferdig i løpet av hausten.

● **Thomas Thaulé**  
thomas.thaule@fjordingen.no

Olsokstemnet sist helg markerer slutten på den gamle standplassen frå tidleg 70-tal, og allereie måndag var ein dugnadsgjeng i gang med å fjerne taket.

### Strengare krav

- Oppussinga av skytebana kjem mykje som følge av nye og strengare krav, seier nestleiar i Hornindal og Markane skyttarlag, Idar Nygård. Med seg på dugnad har han fleire som bidreg.

- Så langt har vi rundt 700 dugnadstimar, fortel Nygård. Han seier vidare at entreprenøren vil starte sitt arbeid 1. august.

### Sikringsvollar

På dugnad er det blitt laga til nye sikringsvollar som stettar dagens sikkerheitskrav. Bak



**Dugnad:** Skytebana på Sindre får no ei oppgradering. Frå venstre Idar Nygård, Paul Hatledal, Severin Otterdal Heggen, Ivar Seljeset og Arne Svor. I bakgrunnen ser vi Thore Heggen. FOTO: THOMAS THAULE

200-metersbana er det lagt 450 m<sup>3</sup> med masse, inkludert ein halv meter rikosjettfri masse. I tillegg er det sett opp 600 meter med gjerde rundt skytebana.

### Mulegheiter for utviding

Pr. i dag er det seks skiver på 100-metersbana, men frå neste år skal fire nye skiver vere på plass.

- 100-metersbana skal forhåpentlegvis få nye fundament i løpet av sommaren, men det kjem litt an på vêret framover, seier Idar Nygård.

Også 200-metersbana får no ei oppgradering.

- Nytt fundament er allereie støypt her, fortel Nygård. I dag er det ti skiver på denne delen av bana, men neste sesong blir dette utvida til tolv. Eventuell vidare utviding i framtida er det også mogelegheit for, seier Nygård medan han viser fram dei elektroniske skivene skyttarlaget har skaffa.

- Tida med anvising på gam-

” Så langt har vi rundt 700 dugnadstimar

**Idar Nygård,**  
nestleiar i Hornindal og Markane skyttarlag

lemåten er definitivt forbi, erkjenner dugnadssjefen med eit smil. Han legg også til at 300-metersbana no blir lagt ned for godt.

### Finansiering

- Dei elektroniske skivene og flytting av masse har Hornindal og Markane skyttarlag sjølv påkosta. Men DFS (Det Frivillige Skyttervesen) har gått inn og teke kostnadane for dei nye standplassane og ei såkalla miljøpakke. Denne miljøpakka inkluderer også midlar til støyskjerming rundt bana, avsluttar Nygård.



**Jamna med jorda:** Dei gamle standplassane skal erstattast med nye. FOTO: BENGT FLATEN



**Anvising:** Idar Nygård og barnebarnet Ulrik viser fram dei elektroniske skivene på 200-metersbana. FOTO: THOMAS THAULE

**BRIKSDAL**  
EVENTYRLEG VAKKERT

www.briksdalsbre.no